



# Rekneskapsåret 2013

Sogn og Fjordane Teater L/L

Org. nr: 929 181 557

Årsmelding – Årsrekneskap - Revisjonsmelding



My fair lady goes Sogn og Fjordane. Bak f.v: Aage Vaksdal, Lars Sørbo, Yvonne Algrøy, Idun Losnegård, Roger Hilleren. Framme f.v: Oda Alisøy, Sveinung Oppegaard, Madeleine Nilsen, Lars Melsæter Rydjord.  
Foto: Olav Reiakvam.

## Årsmelding 2013

Kunstnarisk var 2013 eit godt år for Sogn og Fjordane Teater (SoFt), samstundes som besøkstalet var svært godt. 21 486 menneske såg teatrets framsyningar i 2013. Eit besøkstal på denne storleiken er svært godt i eit fylke med eit folketal på ca. 108 000.

Teatret har vore involvert i ti produksjonar. Tre var eigenproduksjonar; *My fair lady goes Sogn og Fjordane* av Bodil Kvamme og Marita Liabø, *0+0=4* av Thomas Bye og Aslak Moe og *Mensen Ernst – løpekongen frå Sogn* av Otto Homlung. Fire av produksjonane vart til gjennom ulike samarbeid; *Kinnaspelet* av Rolf Losnegård med Kinnaspelkomitéen, *Susanna frå Sunnfjord* av Jorunn Torsheim med Jorunn Torsheim og Erlend Samnøen, *Goodbye&Farvel* av Kamilla Wargo Brekling, Lars Dammark og Anders Valentinus Dam med Hordaland Teater og *Ein god dag kjem aldri for tidleg* av Ingrid Weme Nilsen med Det Norske Teatret og Hordaland Teater. Teatret mottok tre gjestespel, *Ha det på badet* av Roger Hilleren (spelt på turné i barnehagane i fylket) og *Pesten og Slaget ved Stamford Bridge* av Yngve Sundvor (vist i Førde i samband med ein teaterverkstad for elevar ved dramalinja på Firda vidaregåande skule). Totalt viste teatret 246 framsyningar i 2013. 28 av desse vart spelte i egne lokale i Førde.

Teatret har arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatik, og heile fire produksjonar var urpremièrar. Det var *My fair lady goes Sogn og Fjordane*, *0+0=4*, *Mensen Ernst – løpekongen frå Sogn* og *Ein god dag kjem aldri for tidleg*.

I 2013 var det 250 år sidan Sogn og Fjordane vart eige fylke. Språkåret vart òg feira dette året, m.a. fordi det var 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Teatret markerte fylket og språket med to produksjonar. Den første var *My fair lady goes Sogn og Fjordane*, ein parallell til *Pygmalion* av George Bernhard Shaw og *My fair lady* av Alan Jay Lerner, som sette lys på ulike sider ved Sogn og Fjordane og språket og dialektane våre. Stykket var godt besøkt og fekk god mottaking.

Den andre produksjonen handla om løpelegenda *Mensen Ernst* frå Fresvik i Sogn. SoFt gjekk i førekant av premièren saman med Sogn og Fjordane Idrettskrins om å gjennomføre ein motivasjonsturné i fylket, eit tiltak som var svært vellukka for merksemda rundt teatret, idrettskrinsen og Sogn og Fjordane. Teatersjefen sprang gjennom fylket i kostymet som vart brukt av rollefiguren *Mensen Ernst*, og i løpet av sju dagar vart ulike stader vitja med idrettsarrangement for born, foredrag av teatersjefen og ressurspersonar frå idretten og andre lokale stunt og arrangement.

Trass i at løpsprosjektet vart lagt svært godt merke til, vart besøket på stykket ikkje så godt som venta. Det varierte frå nokre fulle salar enkelte stader, til svært få besøkande andre

stader. Stykket vart spelt for elevar i Den kulturelle skulesekken i Sogn, og det samla besøket vart difor rimeleg godt.

*Ein god dag kjem aldri for tidleg* var det første samarbeidsprosjektet mellom dei tre teatra med nynorsk som scenespråk; Det Norske Teatret, Hordaland Teater og SoFt. Produksjonen var ein del av bidraget til Språkåret og blir vurdert som vellukka kunstnarisk. Samla besøk var godt, sjølv om tal tilskodarar varierte ein del frå stad til stad, både i Sogn og Fjordane og mellom dei ulike spelestadene til dei tre teatra.

Monologen *0+0=4*, som m.a. handla om justismord, vart svært godt motteken av publikum og kritikarar. Sidan turnétida var kort og formatet lite, utgjorde det samla besøket relativt få tilskodarar. Stykket vart laga med tanke på at det kan bli vist andre stader i framtida.

Teatret har i meldingsåret turnert alle produksjonane med unntak av dei to gjestespela *Pesten* og *Slaget ved Stamford Bridge*, og vi har nådd publikum over heile fylket. I løpet av 2013 vart det gjennomført ei evaluering av SoFt av eit uavhengig ekspertpanel sett ned av Kulturdepartementet. Som følgje av evalueringa starta teatret arbeidet med å utvikle ein overordna strategi for SoFt.

SoFt har frå starten av 2013 prioritert arbeidet overfor publikum ved å tilsette ein medarbeidar. Han har m.a. hatt ansvaret for å opprette eit teaterlaug som består av bedrifter, lag og organisasjonar i fylket, og kontakt med og oppfølging av dei 22 arrangørane til SoFt og utvalde målgrupper for kvar enkelt produksjon.

## **Personale**

Teatret hadde 18 fast tilsette samt 2 stillingar på åremål (dramaturg, skodespelar) pr. 31.12.13. Gjennom året var det engasjert frilans personale og vikarar, som til saman utgjorde 11,8 årsverk. Samla årsverk engasjert ved teatret i 2013 var 27,8.

2013 var Terje Lyngstad sitt 10. år som teatersjef.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teatret er ei IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Totalt sjukefråvær i 2013 var 406 dagar, med grunnlag i 27,8 årsverk utgjør dette ca 5,6 % av total arbeidstid i året. Det har ikkje vore meldt om alvorlege skader eller ulykker på personale i 2013.

SoFt har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 10,9 årsverk kvinner og 16,9 årsverk menn. Teatersjef og styreleiar er begge menn. Styret består av tre menn og to kvinner.

Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og to menn. Av kunstnarisk personale brukte teatret 4,17 kvinnelege og 7,63 mannlege årsverk i 2013.

### **Eigedelar og miljø**

Teatret leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset og lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune. Teatret eig to leilegheiter, to lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teatret det. Anna teknisk utstyr i teatrets eige er i god stand. Det er ikkje meldt om skade på teatrets utstyr i 2013.

Som tidlegare har teatret halde fram med å formidle utleige av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket.

Teatret har som mål i all si verksemd å ikkje forureine det ytre miljøet.

### **Økonomi**

Årsresultatet for 2013 viser eit overskot på kr 332 148,-. Det var budsjettert med eit overskot på kr 69 541,- såleis er resultatet kr 262 607,- betre enn budsjettert. Dette er i hovudsak på grunn av:

- billettinntekter lågare enn budsjettert kr 316 000,-
- personalkostnader høgare enn budsjettert kr 118 509,-
- materialkostnader lågare enn budsjettert kr 173 841,-
- driftskostnader lågare enn budsjettert kr 405 868,-

Resultatet i 2013 styrkjer teateret sin eigenkapital, slik at SoFt per 31.12.13 har ein eigenkapital på ca kr 1,75 millionar. Teatret arbeider med det for auge å ha ein eigenkapital som tåler naturlege svingingar i økonomien.

Samla driftsinntekter i 2013 var kr 26 001 394,- av dette er 4,4 % eigeninntekter. Teatret sine eigeninntekter i 2012 var på 5,3 %.

Teatret har tilfredsstillande likviditet.

## Vidare drift

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde, 27. februar 2014



Håkon Fimland  
styreleiar



Iris Loftheim  
nestleiar




Ola Tarjei Kroken  
styremedlem



Kristine Lie  
styremedlem



Kjell Furevik  
styremedlem



Terje Lyngstad  
teatersjef





Ein god dag kjem aldri for tidleg. F.v: Katrine L. Mackenzie, Randolph Walderhaug, Siren Jørgensen.  
Foto: Dag Jensen

## Repertoaret 2013

### **Susanna frå Sunnfjord**

- ein kabaretopera om då Mozart vitja Sunnfjord  
av Jorunn Torsheim og Oddvar Torsheim

Komponist: W.A Mozart

Regi: Erlend Samnøen

Scenografi: Dagny Drage Kleiva

Skodespelarar

Jorunn Torsheim - *Susanna*

Ole Christian Gullvåg - *postmannen/Volfgang Oddvartzen*

Musikar: Torgeir Koppang

Framsyningar: 6

## **My fair lady goes Sogn og Fjordane**

av Bodil Kvamme og Marita Liabø

Musikalsk tilrettelegging: Per Janke Jørgensen, Aage Vaksdal og Eirik Molnes Husabø

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi og kostymedesign: Dordi Strøm

Lysdesign: Gyril Høgberg

Koreografi: Birgitte Olsenlund

Skodespelarar

Yvonne Algrøy – *Jofrid Åsane*

Oda Alisøy – *Marit Mindresen/Lise Mindresen* (tok over rolle etter Madeleine Nilsen)

Roger Hilleren – *Sydvest Lommeheim*

Lykke Kristine Moen – *Marit Mindresen* (tok over rolle etter Oda Alisøy)

Madeleine Nilsen – *Lise Mindresen*

Sveinung Oppegaard – *Ole-Jonny Åsane*

Lars Melsæter Rydjord – *Henrik Heggen*

Lars Sørbø – *Alfred Mindresen*

Aage Vaksdal – *Harry Dalen*

Musikar – Aage Vaksdal

Urpremière: 28.02.2013

Framsyningar: 15

## **Goodbye&farvell!**

av Kamilla Wargo Brekling, Lars Dammark og Andreas Valentinus Dam

Original instruksjon: Kamilla Wargo Brekling

Omsett til norsk/instruktør: Anders Valentinus Dam

Omsetjing og språkleg tilrettelegging: John Stavland

Scenografi: Claus Helbo og Anders Dam

Lysdesign: Antonio Rodríguez – Andersen

Lyddesign: Teater O

Skodespelarar

Åsmund Brede Eike

Espen Sandvik

Samarbeid med Hordaland Teater

Framsyningar i Hordaland: 31

Framsyningar i Sogn og Fjordane: 13

**1066 – Slaget ved Stamford bridge**

av Yngve Sundvor

Regi: Yngve Sundvor

Skodespelarar:

Gard B. Eidsvold

Cato Skimten Storengen

Kim Sørensen

Per Kjerstad

Gjestespel frå Statsteatret

Framsyningar: 1

**1349 – Pesten**

av Yngve Sundvor

Regi: Yngve Sundvor

Skodespelarar:

Gard B. Eidsvold

Cato Skimten Storengen

Kim Sørensen

Marit Adeleide Andreassen

Gjestespel frå Statsteatret

Framsyningar: 1



## **Ha det på badet**

av Roger Hilleren

Skodespelarar:

Roger Hilleren

Øyvind Kjeksrud

Gjestespel

Framsyningar: 48

## **0+0=4**

av Aslak Moe og Thomas Bye

Regi: Aslak Moe

Skodespelar: Thomas Bye

Framsyningar: 23

Framsyningar i Oslo: 2

## **Kinnaspelet**

### **Songen ved det store djup**

av Rolf Losnegård

Komponist: Per Janke Jørgensen

Regi: Miriam Prestøy Lie

Koreografi: Kristin Ryg Helgebostad

Skodespelarar

Oda Alisøy – *Borni/Sunniva*

Lars Berge – *Tarve/Ravn*

Idun Losengård – *Margrete*

Kyrre Eikås Ottersen – *Prest*

Lars Sørbø – *Fut*

Musikarar

Oddmar Amundsen

Adele Halten

Rolf Prestø  
Aage Vaksdal  
Frank Jakobsen

Première: 22. juni  
Framsyningar: 4

**Mensen Ernst – Løpekongen frå Sogn**  
av Otto Homlung

Regi: Otto Homlung  
Scenografi og kostymedesign: Bård Lie Thorbjørnsen  
Lysdesign: Arne Kambestad  
Musikalsk ansvarleg og tilrettelegging  
Aage Vaksdal og Per Janke Jørgensen

Skodespelarar:  
Kyrre Eikås Ottersen – *Mensen Ernst*  
Oda Alisøy – Diverse roller  
Idun Losnegård – Diverse roller  
Richard Olsen – Diverse roller  
Aage Vaksdal – Ein muskar

Urpremière: 26.09.2013  
Framsyningar: 33



Mensen Ernst – løpekongen frå Sogn. Fv: Idun Losnegård, Roger Hilleren, Kyrre Eikås Ottersen, Richard Olsen.  
Foto: Alf Vidar Snæland.

## **Ein god dag kjem aldri for tidleg**

Konsept: Ingrid Weme Nilsen

Regi: Ingrid Weme Nilsen

Scenografi: Mia Runningen

Skodespelarar:

Siren Jørgensen

Katrine Lunde Mackenzie

Randolf Walderhaug

Musikarar:

Carl Fredrik Falkenberg – piano/trekkspel

Ole Marius Melhuus – bass/cello

Rannveig Ryeng – fiolin

Samarbeid mellom Det Norske Teatret, Sogn og Fjordane Teater og Hordaland Teater

Urpremière: 06.09.2013

Framsyningar i Hordaland: 30

Framsyningar i Oslo: 13

Framsyningar i Sogn og Fjordane: 19

## Publikumstal 2013

Framsyning	Totalt inkl. eigen sal			Totalt av dette på turné		
	Tal	Pub.	Gje.snitt	Tal	Publ.	Gj.snitt
Susanna frå Sunnfjord	6	330	55	6	330	55
My fair lady goes S&Fj	15	1756	117	11	1272	115
goodbye&farvel!	13	1547	119	8	941	117
goodbye&farvel!, Hordaland	31	2626	85	31	2626	85
1066&1349	2	120	60			
Ha det på badet	48	2318	48	44	1990	45
Kinnaspelet	4	2100	525	4	2100	525
0+0=4	23	683	30	23	686	30
0+0=4, Oslo	2	231	115	2	231	115
Mensen Ernst	33	2648	80	24	1999	83
Ein god dag, Hordaland	30	4912	163	30	4912	163
Ein god dag, Oslo	13	680	52	13	680	80
Ein god dag, S&Fj	19	899	47	16	668	42
Anna aktivitet	7	636	90	6	585	98
<b>Totalt</b>	<b>246</b>	<b>21 486</b>	<b>87</b>	<b>218</b>	<b>19 020</b>	<b>87</b>

**Sogn og Fjordane Teater L/L**

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	<i>Note</i>	2013	2012
Billett og programsal		799 140	1 002 589
Anna salsinntekt		341 649	335 158
Driftstilskot	7	24 724 286	23 932 071
Refusjon frå samarbeidspartnarar	7	136 320	163 636
<b>Sum driftsinntekter</b>		<u>26 001 394</u>	<u>25 433 454</u>
Materialkostnad		663 623	1 056 409
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 194 306	1 795 070
Kostnad vedk. lokale	10	1 539 685	1 424 506
Lønskostnad	5, 6	18 297 432	18 767 049
Avskrivning	1	527 395	432 567
Annen driftskostnad	6	3 513 232	4 257 123
<b>Sum driftskostnader</b>		<u>25 735 673</u>	<u>27 732 724</u>
<b>Driftsresultat</b>		<u>265 721</u>	<u>-2 299 271</u>
Renteinntekt		79 168	111 117
Rentekostnad		-12 741	-15 559
<b>Årsresultat</b>		<u>332 148</u>	<u>-2 203 713</u>
Dekning/disponering av årsresultatet			
Overført til annan eigenkapital		332 148	0
Overført frå annan eigenkapital		0	2 203 713
<b>Sum dekkad/disponert</b>		<u>332 148</u>	<u>-2 203 713</u>

**Sogn og Fjordane Teater L/L**

BALANSE PR. 31.12.

	<i>Note</i>	2013	2012
EIGEDLAR			
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 12	467 500	467 500
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	<u>2 200 082</u>	<u>2 334 214</u>
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<u>2 667 582</u>	<u>2 801 714</u>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<u>2 667 582</u>	<u>2 801 714</u>
Omløpsmiddel			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar	11	147 056	589 079
Andre fordringar	8	<u>164 443</u>	<u>104 293</u>
<b>Sum fordringar</b>		<u>311 499</u>	<u>693 373</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	2 044 139	837 962
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<u>2 355 638</u>	<u>1 531 335</u>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<u>5 023 220</u>	<u>4 333 049</u>




**Sogn og Fjordane Teater L/L**  
BALANSE PR. 31.12.


	<i>Note</i>	2013	2012
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
<i>Innskoten egenkapital</i>			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	3, 4	<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annan egenkapital	3	<u>1 652 199</u>	<u>1 320 051</u>
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<u>1 652 199</u>	<u>1 320 051</u>
<b>Sum egenkapital</b>	3	<u>1 752 199</u>	<u>1 420 051</u>
GJELD			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		575 453	179 369
Skuldige offentlege avgifter		1 060 987	999 095
Anna kortsiktig gjeld	9	<u>1 634 582</u>	<u>1 734 534</u>
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>3 271 021</u>	<u>2 912 998</u>
<b>Sum gjeld</b>		<u>3 271 021</u>	<u>2 912 998</u>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<u>5 023 220</u>	<u>4 333 049</u>


Førde, 27.02.2014  
Styret i Sogn og Fjordane Teater L/L

  
Håkon Fimland  
Styreleiar

  
Iris Ioftheim  
Styremedlem/nestleiar

  
Kristine Lie  
Styremedlem

  
Ole Tarjei Kroken  
Styremedlem

  
Terje Lyngstad  
Teatersjef/ dagleg leiar

  
Kjell Arvid Furevik  
Styremedlem

## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

### Salsinntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

### Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til kollektiv pensjonsordning er ikkje balanseført.

### Skatt

Teatret er ei ikkje skattepliktig verksemd.

## Note 1 Varige driftsmiddel

	Personal- husvære	Bil	Inventar kontorutst.	Utstyr	Bygnings- innreing	Totalt
Kostpris 1.1.	467 500	2 289 469	1 649 313	3 382 547	1 727 042	9 515 871
Tilgang			154 540	278 717	-	433 257
Avgang		-341 000				-341 000
Kostpris 31.12.	467 500	1 948 469	1 803 853	3 661 264	1 727 042	9 608 128
Akk. avskrivningar 31.12.		726 517	1 315 615	3 176 959	1 721 454	6 940 545
<b>Balansført verdi pr. 31.12.</b>	<b>467 500</b>	<b>1 221 952</b>	<b>488 239</b>	<b>484 305</b>	<b>5 588</b>	<b>2 667 582</b>
Avskrivningar i år	0	175 970	161 301	187 012	3 112	527 395

## Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	596 514	633 155

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 1,5 mill.

## Note 3 Eigenkapital

	Aksje- kapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.11	100 000	1 320 051	1 420 051
Resultat i år		332 148	332 148
<b>Eigenkapital 31.12.12</b>	<b>100 000</b>	<b>1 652 199</b>	<b>1 752 199</b>

## Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	8	80 %
Førde kommune	2	20 %
<b>Totalt</b>	<b>10</b>	<b>100 %</b>

**Note 5 Pensjon**

Selskapet har ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan) som omfattar 20 tilsette. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Dette er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapet sine tilsette har i tillegg ein tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (usikra ordning). Selskapet sine tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år. Forpliktelsen i følge ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga omfattar 20 tilsette. Det er ingen som har tatt ut AFP per 31.12.2013.

Dei tilsette har følgjande aldersfordeling:

Under 30 år	0 stk
Frå 30 til 40 år	5 stk
Frå 40 til 50 år	6 stk
Frå 50 til 64 år	8 stk
Frå 64 til 70	1 stk

Netto pensjonskostnad i år kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Utbetalte pensjoner frå selskapet	0	0
Premie gamal og ny AFP-ordning	144 100	149 882
Pensjonspremie til kollektiv ordning i år	1 732 531	1 591 631
Eigenandel pensjon tilsette	-207 135	-220 149
Tilbakebetaling av egenkapitaltilskudd til KLP forsikring	0	0
<b>Netto pensjonskostnad i år</b>	<b>1 669 496</b>	<b>1 521 364</b>

Saldo på premiefond per 31.12.13 var kr 1.902.150,-

**Note 6 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.**

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	14 704 549	15 294 642
Arbeidsgjevaravgift	1 597 754	1 560 885
Pensjonskostnader	1 669 495	1 521 364
Andre lønsrelaterte ytingar	325 634	390 158
<b>Sum</b>	<b>18 297 432</b>	<b>18 767 049</b>

Antall årsverk har vore 27,86 (fast + engasjement/frilans m.m.). Det har vore 18 fast tilsette samt 2 stillingar på åremål.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	699 681	48 650
Pensjonsutgifter	13 829	
Anna godtgjersle	80 218	

Dagleg leiar (teatersjef) er tilsett på åremål, og har avtale om 6 månaders løn etter avslutta arbeidsforhold. Pr 31.12.13 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styre leiar eller andre nærstående partar.

**Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 102.160, av dette er kr. 56.875 knytt til revisjon og resten til andre tenester. Beløpet er inkludert meirverdiavgift.

**Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot**

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	17 307 000	16 754 000
Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	5 562 964	5 383 000
Ordinært tilskot Førde kommune	1 854 322	1 795 071
<b>Sum</b>	<b>24 724 286</b>	<b>23 932 071</b>

I 2011 har SoFT motteke tilskot på kr 400 000 til finansiering av kunstprosjektet "SoFT 2011". Det er inntektsført kr 136.320 i 2013 i samsvar med framdrift på prosjektet. Prosjektet er avslutta per 31.12.2013

**Note 8 Andre fordringar**

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader er	103 617	57 960
Kortsiktig lån tilsette	60 826	46 333
<b>Sum</b>	<b>164 443</b>	<b>104 293</b>

**Note 9 Anna kortsiktig gjeld**

	I år	I fjor
Skuldig feripengar/ løn	1 477 592	1 501 696
Forskotsbetalt inntekt/periodisert tilskot	0	136 365
Påløpne kostnader	156 989	96 472
<b>Sum</b>	<b>1 634 581</b>	<b>1 734 533</b>

## Note 10 Leigeavtalar

	Leigeperioden oppheyrer	Kostnadsført husleige 2013
Husleigeavtale	01.01.2017	1 368 912

## Note 11 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	111 125	584 416
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	35 932	4 663
<b>Kundefordringar 31.12.</b>	<b>147 057</b>	<b>589 079</b>

## Note 12 Pantsetjing

	I år	I fjor
Gjeld sikra med pant		
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	0	0
<b>Sum gjeld sikra med pant 31.12.</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Balanseført verdi av pantsette egedelar

Varige driftsmidler	467 500	467 500
Kundefordringar	147 057	589 079
<b>Sum 31.12.</b>	<b>614 557</b>	<b>1 056 579</b>



Sogn og Fjordane Teater L/L  
 RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2013	2012
<b>Billett og programsal</b>		
3010 BILLETTAR HOVUDOPPS.	-799 140,00	-1 002 589,00
	<u>-799 140,00</u>	<u>-1 002 589,00</u>
<b>Anna salsinntekt</b>		
3210 ANDRE INNTEKTER	-218 590,50	-256 835,50
3270 UTLEIGEINNT. LYS	-111 378,00	-73 187,00
3272 UTLEIGE KOSTYME	-4 680,00	-135,00
3290 LEIGEINNT PERSBUSTAD	-7 000,00	-5 000,00
	<u>-341 648,50</u>	<u>-335 157,50</u>
<b>Driftstilskot</b>		
3410 ORD TILSKOT STATEN	-17 307 000,00	-16 753 999,90
3420 ORD TILSKOT FYLKET	-5 562 964,00	-5 382 999,93
3430 ORD TILSKOT KOMMUNEN	-1 854 322,00	-1 795 070,97
	<u>-24 724 286,00</u>	<u>-23 932 070,80</u>
<b>Refusjon frå samarbeidspartnarar</b>		
3490 ANDRE OFF TILSKOT	-136 319,63	-163 636,32
	<u>-136 319,63</u>	<u>-163 636,32</u>
<b>Materialkostnad</b>		
4005 Diett Sjølvstendig Næring	0,00	44 928,00
4755 BEDRIFTSHELSETJENESTE	13 583,00	37 718,00
5010 DEKORASJONAR MATR.	124 319,64	366 798,82
5020 KOSTYMER KJØP O.L.	137 008,49	116 153,22
5022 KOSTYMER VEDLIKEH.	31 747,00	27 069,00
5030 REKVISITTER PROD.	31 335,72	72 081,71
5035 REKVISITTER TURNE	2 956,29	723,20
5040 FRISØR, SMINKE O.L.	15 949,00	27 110,78
5050 DIV. UTG. PRODUKSJON	114 761,33	39 169,08
5115 KONTORUTSTYR	557,80	3 194,60
5120 SCENEUTSTYR	2 756,55	0,00
5122 SCENEUTS SMÅKJ/VEDLH	55 912,98	54 218,45
5125 LYSUTSTYR	54 504,56	94 892,75
5127 LYSUTST SMÅKJ/VEDLH	6 486,21	12 250,52
5135 LYDUTSTYR	25 358,59	108 243,00
5137 LYDUTST SMÅKJ/VEDLH	3 428,50	990,40
5140 VERKSTADUTSTYR	0,00	324,00
5142 VERKSTAD SMÅKJ/VEDLH	5 626,33	8 356,97
5144 SVEISEVERKSTAD	20 445,24	27 315,12
5147 SYSTOVE SMÅKJ/DIV.	8 943,51	1 641,26
5150 DIVERSE UTSTYR	7 942,62	13 230,54
	<u>663 623,36</u>	<u>1 056 409,42</u>
<b>Kostnad turne/oppsøkjande verksemd</b>		
6510 TURNEBUSS	111 182,61	127 415,81

**Sogn og Fjordane Teater L/L**  
**RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.**

	2013	2012
6520 DIV REISE/TRSP	170 234,79	257 935,10
6540 HOTELL TURNE	508 126,50	989 169,49
6550 HUSLEIGE TURNE	217 736,50	191 424,50
6555 Bærehjelper Turné AGA arrangør	81 334,00	97 891,00
6559 DIV ARRUTG TURNE	24 160,98	18 206,00
6560 ARRANGØRPROVISJON	61 302,50	100 275,00
6590 DIVERSE UTG. TURNE	20 228,58	12 753,20
	<u>1 194 306,46</u>	<u>1 795 070,10</u>
<b>Kostnad vedk. lokale</b>		
6210 FASTE HUSLEIGEUTG.	1 203 912,00	1 203 912,00
6215 ANDRE HUSLEIGEUTG.	165 000,00	108 165,64
6220 STRAUM LOKALE	101 107,05	75 429,22
6230 KOMMUNALE AVGIFTER	12 573,00	11 422,52
6270 REINHOLD LOKALE	39 110,26	21 823,02
6290 DIV UTGIFTER LOKALE	17 982,33	3 754,00
	<u>1 539 684,64</u>	<u>1 424 506,40</u>
<b>Lønskostnad</b>		
4000 LØNN	10 118 866,30	10 790 963,30
4001 HONORAR	1 551 766,00	932 440,00
4002 LØNN OVERTID	304 645,60	591 196,50
4004 HONORAR SJØLV. NÆRING	1 660 305,34	2 740 259,45
4310 FERJEPENGAR	1 471 839,08	1 525 528,99
4410 HONORAR STYRET	48 650,00	95 170,00
4451 MIDDAGSPENGAR ADM.	0,00	5 100,00
4454 MIDDAGSPENGAR TEKN.	0,00	589,00
4460 ARBKLÆR IKKJE OPPGPL	12 600,00	11 260,00
4510 ARBEIDGJ.AVG LØN	1 440 139,41	1 399 179,02
4511 AGA Bærehjelper Manuell	1 600,00	0,00
4520 ARBGAVG SKULD FERIEP	156 015,30	161 706,59
4610 REFUSJON SJUKEPENGAR	-529 526,00	-527 404,00
4620 LØNNSREF SAMARBPROSJ	333 444,00	-401 216,59
4630 ANDRE LØNNSREFUSJ.	-255 440,75	-452 294,17
4710 PERSONALUTVIKLING	3 930,00	63 240,00
4712 PC TIL TILSETTE	23 123,00	5 468,00
4715 OPPL./UTVIKL.FOND	3 118,00	2 384,00
4751 DIV LEGE/MEDISINUTG	4 096,00	3 282,90
4760 KANTINEUTGIFTER	48 751,15	31 682,25
4770 VELFERD PERSONALE	26 479,00	14 768,20
4790 PERSBUST EIGNE,LEIGE	75 840,00	73 940,00
4792 PERSBUST ELKRAFT	49 385,82	48 634,21
4797 PERSBUST DIV UTG	39 310,05	63 521,78
4810 PENSJONSPR U/ARBGAVG	4 867,50	3 643,92
4811 PENSJONSPR M/ARBGAVG	1 520 527,50	1 367 480,99
4812 PENSJONSPR AFP M/ARB	144 100,00	149 882,00

**Sogn og Fjordane Teater L/L**  
**RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.**

	2013	2012
5130 MUSIKARUTSTYR	0,00	15 642,50
5210 EK tjenester Pliktig	60 626,00	55 987,80
5240 Rentefordel	253,80	120,30
5250 Forsikringer - Lønn/Personal	1 679 775,00	1 545 864,00
5292 EK. tjenester pliktig motkonto	-60 626,00	-55 987,80
5295 Forsikringer Lønn/Persn - MOTKONTO	-1 679 775,00	-1 545 864,00
5298 Motkonto Rentefordel	-253,80	-120,30
5340 Fast bilgodtgjersle	39 000,00	19 500,00
5800 REFUSJON TRYGDEETATEN	-693 294,00	-871 979,00
5801 MOTKONTO REFUSJON TRYGDEETATEN	693 294,00	871 979,00
6551 Bærehjelp lønssystem m/aga	0,00	31 500,00
	<u>18 297 432,30</u>	<u>18 767 048,84</u>
<b>Avskrivning</b>		
7860 AVSKR FAST BYGN.INV.	527 395,00	432 566,98
	<u>527 395,00</u>	<u>432 566,98</u>
<b>Annne driftskostnad</b>		
5110 KONTORINVENTAR	4 117,83	15 039,80
6010 REVISJONSHONORAR	102 160,00	89 375,00
6030 LEIGD ARBEIDSHJELP	3 572,00	75 960,50
6060 RETTAR/AVGIFT MUSIKK	8 144,52	0,00
6110 ANNONSER FRAMSYNING.	513 204,14	692 787,76
6115 ANDRE SALGSANNONSER	77 603,50	73 069,00
6120 PROGRAM	131 142,23	66 629,70
6125 PLAKATAR	31 950,35	162 414,05
6130 GRAFISKE TJENESTER	116 655,00	106 674,50
6135 MEDIEOVERVÅKING	1 416,25	1 250,00
6140 FOTOGRAFERING	25 278,00	22 650,00
6150 Arrangørseminar	0,00	1 085,00
6160 INTERNETT	86 820,75	75 164,00
6410 KONTORREKVISITA	13 989,34	26 812,50
6420 TELEFON	206 593,10	165 514,79
6425 PORTO	14 539,81	37 265,08
6430 BETALINGSFORMIDLING	0,00	3 019,38
6440 KOPIERINGSUTGIFTER	1 908,53	220,00
6460 VEDLIKEH KONTORMASK.	4 126,62	3 268,55
6465 VEDLIKEH DATAPROGRAM	59 601,50	64 327,50
6470 ANNONSER ADM.	885,00	51 172,50
6480 DIVERSE KONTORKOSTN.	13 236,38	0,00
6490 MØTEKOSTNADER	4 906,50	16 630,80
6495 ANDRE ADM.KOSTNADER	35 465,00	24 497,00
6552 Manuell AGA - DIV honorar	4 200,00	4 600,00
6620 GÅVER	795,00	1 535,00
6630 BLOMSTER, ARR. O.L.	44 856,72	68 163,34
6650 AVISER/TIDSSKR/BØKER	9 396,11	9 634,97

Sogn og Fjordane Teater L/L  
 RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2013	2012
6690 DIV PRODUKSJONSKOSTN	6 909,00	3 460,00
6710 DIESEL/BENSIN/OLJE	84 995,16	89 016,61
6720 REP/VEDLIKEHALD BIL	87 552,84	102 552,00
6730 FORSIKRING/AVG. BIL	54 781,00	67 399,29
6740 ANDRE KOSTNADER	221 907,78	73 971,13
6800 DIETT	606 356,00	824 881,00
6801 BILETTER	190 585,21	195 139,48
6802 HOTELL/OVERNATTING	46 599,96	85 236,15
6803 Diett Sjølvstendig Næring	35 863,00	167 633,45
6804 Diett Tr. Pliktig	35 040,00	31 570,00
6848 FRI HEIMREISE	0,00	1 000,00
6849 FRI HEIMREISE MOTKONTO	0,00	-1 000,00
6855 PROD HOTELL/OVERN.	160 721,00	281 494,97
6857 PROD BILLETTAR O.L.	0,00	5 031,00
6858 FRIE HEIMREISER ALLE	81 318,29	81 142,98
6859 PROD REISE	56 427,00	76 555,00
6895 REF. REISER ADM.	1 203,00	0,00
6910 KONTINGENTAR	130 938,00	131 016,00
6950 FORSIKR INV./UTSTYR	32 259,00	32 935,71
6960 FORSIKRING PERSONAL	49 276,00	42 308,00
7099 Øredifferanse	-0,75	-0,45
7100 BILGODTGJERSLE	92 512,55	96 527,65
7101 Passasjertillegg	6 303,40	2 665,00
7150 DIETT UTLAND	6 800,00	7 827,00
7810 TAP PÅ KRAV	8 320,00	0,00
	<u>3 513 231,62</u>	<u>4 257 122,69</u>
<b>Renteinntekt</b>		
8010 RENTEINNTEKTER BANK	-78 540,89	-110 922,20
8040 ANDRE RENTEINNTEKTER	-627,30	-194,71
	<u>-79 168,19</u>	<u>-111 116,91</u>
<b>Rentekostnad</b>		
8110 RENTEKOSTNADER BANK	0,00	258,41
8111 BANKGEBYR	12 191,00	14 608,75
8140 ANDRE RENTEKOSTNADER	550,26	691,97
	<u>12 741,26</u>	<u>15 559,13</u>
<b>Overført til annan eigenkapital</b>		
8960 AVSETT TIL ANNAN EGENKAPITAL	332 147,68	0,00
	<u>332 147,68</u>	<u>0,00</u>
<b>Overført frå annan eigenkapital</b>		
8960 AVSETT TIL ANNAN EGENKAPITAL	0,00	-2 203 713,03
	<u>0,00</u>	<u>-2 203 713,03</u>

**Sogn og Fjordane Teater L/L**

BALANSE PR. 31.12.

	2013	2012
<b>Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom</b>		
1160 PERSONALBUSTADER	467 500,00	467 500,00
	<u>467 500,00</u>	<u>467 500,00</u>
<b>Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.</b>		
1230 BIL M/HENGAR	1 221 952,00	1 437 922,00
1250 INVENTAR	191 598,44	240 500,44
1260 FAST BYGN.INVENTAR	5 588,00	8 700,00
1270 VERKTY O.L.	484 304,88	392 593,52
1280 KONTORMASKINER	128 851,50	157 598,50
1290 ANDRE DRIFTSMIDLAR	167 788,19	96 900,19
1295 AVSKRIVINGAR	-0,98	-0,98
	<u>2 200 082,03</u>	<u>2 334 213,67</u>
<b>Kundefordringar</b>		
1500 KUNDEFORDRINGAR	111 124,50	584 416,40
1770 OPPTENT INNTEKT	35 931,52	4 663,00
	<u>147 056,02</u>	<u>589 079,40</u>
<b>Andre fordringar</b>		
1571 REISEFORSKOT	8 666,98	49 284,99
1575 LØNNSFORSKOT	81 501,66	8 674,99
1576 KORTSIKTIG LÅN TILS.	60 826,00	46 333,30
1725 FORSKOTSBETALTE KOSTNADER	13 448,01	0,02
	<u>164 442,65</u>	<u>104 293,30</u>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>		
1900 KASSE	718,50	2 427,50
1920 BANK DRIFTSKONTO DNB	1 439 696,18	193 521,29
1922 POSTBANKEN/POSTGIRO	1 603,57	1 603,57
1925 BANK SPB SOGN OG FJ.	1 395,48	3 043,48
1930 FØRDE SAMYRKELAG	4 211,06	4 211,06
1950 BANK SKATTETREKK DNB	596 514,09	633 155,23
	<u>2 044 138,88</u>	<u>837 962,13</u>
<b>Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)</b>		
2000 AKSJEKAPITAL	-100 000,00	-100 000,00
	<u>-100 000,00</u>	<u>-100 000,00</u>
<b>Annan eigenkapital</b>		
2050 ANNA EIGENKAPITAL	-1 652 198,69	-1 320 051,01
	<u>-1 652 198,69</u>	<u>-1 320 051,01</u>
<b>Udekka tap</b>		
2080 UDEKKA TAP	0,05	0,05
	<u>0,05</u>	<u>0,05</u>
<b>Leverandørgjeld</b>		

Sogn og Fjordane Teater L/L  
BALANSE PR. 31.12.

	2013	2012
2400 LEVERANDØRGJELD	<u>-575 452,68</u>	<u>-179 369,37</u>
<b>Skuldige offentlege avgifter</b>		
2600 FORSKOTTSTREKK SKATT	-538 696,60	-585 885,60
2640 PENSJONSFORSIKRTREKK	0,00	-2 355,30
2650 TREKK FAGFOREININGSK	-710,70	-710,70
2690 ANDRE TREKK	-4 416,38	-6 096,74
2770 SKULDIG ARBGJ.AVGIFT	-360 536,16	-245 382,00
2780 PÅL. ARBGJAVG FERIEP	<u>-156 626,76</u>	<u>-158 664,21</u>
	<u>-1 060 986,60</u>	<u>-999 094,55</u>
<b>Anna kortsiktig gjeld</b>		
2910 KURSFOND SKODESP	-88 847,00	-75 508,00
2916 Minnegåve Grønnskag	6 517,00	6 517,00
2930 SKULDIG LØN	0,00	-4 879,20
2940 SKULDIGE FERIEPENGAR	-1 477 592,48	-1 496 817,49
2960 PÅLØPNE KOSTNADER	-74 659,18	-27 481,05
2965 FORSKOTTSBET INNTEKT	<u>0,00</u>	<u>-136 364,88</u>
	<u>-1 634 581,66</u>	<u>-1 734 533,62</u>





Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater L/L

## Melding frå revisor

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Teater L/L, som viser eit overskot på kr 332.148. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilde. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane Teater L/L per 31. desember 2013, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### **Fråsegn om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 27. februar 2014

**PricewaterhouseCoopers AS**

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Jan Flølo".

Jan Flølo

Statsautorisert revisor